

## Tenesterapportering pr september 2015 med oppdatert prognose.

alle tal i heile 1000 kr

Teneste-område	Budsjett 2015	Rekneskap pr 30.09.15	Rest budsj. 2015	Påløpt % av bud.	Progn. 2015	Avvik budsj. - progn.	Kommentar:	
10	POLITIKK / RÅDM. KONTOR	17 193	12 461	4 731	72,5	17 193	-	Prognosen for året under eitt noko usikker, då ein ennå har fleire større kostnads-poster som vil påløpe. Målet er likevel at ein skal kome ut innanfor tildelt ramme. Ellers normal drift etter ein svært arbeidskrevjande periode i samband med valet.
11	ØKONOMI-KONTOR	8 540	6 497	2 043	76,1	8 540	-	Økonomikontoret reknar med å kome ut innanfor ramma for 2015. Har auka ressursbruken på innkjøp og løn, og då spesielt knytt til sjukepengerefusjon. Auka ressursinnsats på innkjøp er naudsynt om vi skal klare å følgje innkjøpsregelverket og følgje opp alle innkjøpsavtalar godt nok. Omprioriteringa går ut over ressursar til budsjettarbeid, økonomistyring og rekneskapsoppfølging. Det er stor trong for auke i bemanninga for å gjennomføre naudsynte oppgåver.
12	ØKONOMI / FINANS	-404 000	-306 690	-97 310	75,9	-403 300	-700	Sum av skatteinngongen og rammetilskot ser ut til å vert kr 700.000,- lågare enn enstimert grunna lågare folketal pr 1.1.2015 enn rekna med i budsjettet for 2015, og nasjonal skattesvikt i 2014 og 2015 som ikkje vert fullt ut dekkja inn gjennom revidert nasjonalbudsjett. Skatteinntektene per september er noko høgare enn berekna, både for Meland og nasjonalt, men det er fortsatt stor utryggleik knytt til avrekning av restskatten for 2014. Lågare rentenivå enn budsjettet så langt i 2015, men mogeleg innsparing ikkje berekna i detalj.
13	INTERKOMM. IKT OG BRANNVERN	13 020	11 880	1 140	91,2	13 420	-400	Feil i lønsgrunnlaget, samt stor auke i husleige gjer at brannvernet kjem dårlegare ut enn budsjettet. I tillegg har det og vore ein auke i variable løner grunna fleire alarmer samt uveret "Nina".
14	RÅDGJEVAR-TENESTE	9 182	6 447	2 735	70,2	9 182	-	Forventar meirkostnad til gjesteevar i annan kommune, men andre innsparingar gjer at tenesteområdet forventast å koma ut innanfor budsjett.
15	Private barnehagar	74 991	59 094	15 897	78,8	74 991	-	Noko usikkert korleis refusjonar for born frå andre kommunar/ born frå Meland i barehage i andre kommunar. Ny ordning med redusert foreldrebetaling fra mai/ gratis kjernetid har så langt gitt utbetalingar på om lag kr 100.000,-. Uvisst kor mange nye søknader som vil komme i løpet av hausten. Reknar med å dekke dette innanfor eksisterande ramme, slik at vi ikkje forventer avvik i frå fordelt ramme totalt i 2015.
19	PPT	1 987	1 509	477	76,0	1 987	-	Ingen forventa avvik så langt.
20	Kommunal Barnehage-drift	5 420	3 914	1 506	72,2	5 420	-	Marihøna har så langt i år hatt fleire langtidssjukemeldinger, og dermed også høgt vikarforbruk. Dette er stort sett dekkja inn med sjukepengerefusjonar.

Teneste-område	Budsjett 2015	Rekneskap pr 30.09.15	Rest budsj. 2015	Påløpt % av bud.	Progn. 2015	Avvik budsj. - progn.	Kommentar:
21 GRASDAL SKULE/SFO	10 735	7 938	2 797	73,9	10 735	-	Særlege utfordringar knytt til kostnad i SFO, men auke i foreldrebetalinga og refusjonsinntekter er høgare enn budsjettet og dekker delvis meirkostnadane. Som følgje av nye flyktningeborn har vi hatt behov for å auke tilbudet vårt i grunnleggjande norsk. Sannsynleg auke med 20% lærarstilling som vil verte finansiert med flyktingetilskot.
23 MELAND UNG.SKULE	18 108	12 178	5 930	67,3	17 708	400	Refusjon elevar frå andre kommunar er høgare enn budsjett, som gjer at rekneskapen hittil i år ser bra ut, sjølv om vi ligg noko høgt på lønnskostnadar i 2015. Førebels ser vi ut til å komme godt ut innanfor budsjetttramma.
24 ROSSLAND SKULE /SFO	22 709	16 962	5 747	74,7	22 709	-	Det ser ut til at vi klarar å til ein viss grad dekkje inn auka assistentressurs med andre innsparingar på personell. Vi har fleire tilsette i permisjonar/sjukemeldingar, og litt usikkert korleis vi kjem ut med refusjonar. Ei del andre inntekter/refusjonar for 2015 ennå ikkje motteke.
25 SAGSTAD SKULE/SFO	26 153	19 159	6 994	73,3	26 153	-	Vi har fleire postar i rekneskapen som er høgare enn det som er budsjettet, men dette vert balansert auka refusjonar. Med fleire klassar og elevar er det ikkje berre lønnskostnadane som aukar, men ein må og auke opp andre driftspostar. Førebels noko usikker på korleis dette slår ut, men førebels ingen forventa avvik totalt for tenesteområdet.
26 VESTBYGD SKULE/SFO	14 060	10 901	3 159	77,5	14 460	-400	Noko overforbruk på faste løner som følgje av ekstra tilførte assistentressursar. Dette vert dekkja via interne overføringar, refusjonar og omsøkte flyktingetilskot.
30 HELSE	24 215	16 618	7 597	68,6	24 215	-	Samla sett ligg vi an til å balansere i forhold til budsjett. Auke i årsverk frå andre halvår gjer at månadlege utgifter går opp, som budsjettet. Største utfordring er at lokala ikkje strekkjer til. Psykisk helse og rus er styrka i løpet av året med tilskotsmidlar frå Fylkesmannen, påverkar ikkje budsjettet.
35 SOSIALE TENESTER INKL. FLYKTN.	11 801	7 045	4 756	59,7	11 801	-	Ingen forventa avvik så langt.
36 BARNEVERN	9 297	6 433	2 863	69,2	9 297	-	Tenesteområdet ser ut til å kunne gå i balanse men det er ei uvisse knytta til plasseringar den siste tida.
37 MELAND SJUKEHEIM	38 011	26 814	11 196	70,5	38 011	-	I 2015 har ein teke i bruk fleire pasientrom. Korttidsavdelinga har opna 8 pasientrom og langtidsavdelinga har 18 pasientrom opne. Totalt er det pr sept 2015 i bruk 38 pasientrom ved Meland Sjukeheim. Samla sett ligg ein innanfor budsjetttramma pr 30.09.15.

Teneste-område	Budsjett 2015	Rekneskap pr 30.09.15	Rest budsj. 2015	Påløpt % av bud.	Progn. 2015	Avvik budsj. - progn.	Kommentar:
38 MELAND HEIME-TENESTER	57 487	43 757	13 729	76,1	57 487	-	Samla sett ligg heimetenestene bra an i høve til budsjett, med forbruk 76%. Reelt sett er det noko mindre då det er eit etterslep på inntekter både i høve sjukefråvær og ressurskrevande tenester. Vi brukar fortsatt ekstravakter på dagtid i helgene.
50 KULTUR-KONTOR	7 705	5 227	2 478	67,8	7 835	-130	Revidering av avtala om leige av undervisningsrom i Meland Aktiv gjer at Kultur kan koma kr 130.000,- dårlegare ut enn budsjettet.
60 PLAN, UTBYGGING OG KOMMUNAL-TEKNIKK	27 986	15 261	12 726	54,5	27 986	-	På inntektssida er dei samla gebyrinntektene stort sett i samsvar med budsjettet. For husleigeinntektene sin del, er inntektene om lag kr 200 000 høgare enn periodiseringa tilseier og budsjettet kan truleg nåast. Lønsbudsjettet innan drift og vedlikehald er for lågt, m.a. manglar midlar til utrykningar og annan beredskap, her har det skjedd ein feil i budsjettarbeidet. For vatn- og avlaup sin del er 2. avgiftstermin fakturert ut. Førabels er prognosen at avvika vil kunne bli dekkja ved justeringar innafor totalramma. Dei største usikre faktorane er gebyrinntekter på plan og byggesak og komande vinterberedskap.
Ikke identifisert mindreforbruk			-		-1 230	1 230	Vi reknar med at det på nokre av tenesteområda har mindreforbruk / innsparingar som ikkje er identifisert.
<b>Resultat/avsetn. til disp.fond (minus betyr overskot)</b>	<b>-5 400</b>	<b>-16 593</b>	<b>11 193</b>		<b>-5 400</b>	<b>-</b>	<b>Budsjettet med overskot / avsetn. til disp. fond for 2015 på kr 5,4 mill. Per september reknar vi med å kome ut som budsjettet i 2015.</b>